

Preses Olav Fykse Tveit:

Tale ved vigsling av Ole Kristian Bonden til biskop i Hamar

Hamar domkyrkje, 29.01.2023

Kjære Ole Kristian Bonden,

Det er ein milepæl i Hamar bispedømme når du no går inn i rekkja av biskopar i Hamar. No er det di tid.

Det er eigenleg fleire oppgåver du er kalt til. Ein av dei er, som vi skal høre, å «*sammen med dine medtjenere legge vinn på å fremme og bevare enheten i Guds kirke, til pris og ære for hans hellige navn*».

Kva inneber det? Det er noko meir enn at ein biskop er «kjekt å ha» når vi ikkje klarar å bli einige om noko i kyrkja. Kyrkjedemokratiet skal jo også som kjent gi rom for ulike meiningar.

Kva bilete har vi av enhet? Og kva er biskopens rolle i eit slikt bilet?

I Paulus sitt brev til romarane er enhet temaet. Der er det eitt spørsmål som ligg under, og som er djupt menneskeleg og djupt åndeleg. Du vil også måtte kome til å svare på akkurat det som biskop, nemlig: «Kvífor høyrer vi sammen – når vi er så forskjellige?»

Det første svaret Paulus gir er at «evangeliet er ei Guds kraft til frelse for *alle* som trur.» (Rom 1,17) Evangeliet er ikkje for dei få, for berre ei gruppe eller eitt folk.

Det som knytter oss saman er ei kraft. No har vi i det siste – kanskje utan at vi ønskte det – fått mange nye tankar om kva «kraft» er for noko, at den kostar noko, og at den må ha ei kjelde.

Evangeliet er ei kraft som kjem frå Gud, og som gjer at vi kan høyre saman. For evangeliet får fram at Gud gjer ikkje forskjell på folk; alle treng Guds nåde. Dette er sentrum i vår evangelisk-lutherske lærertradisjon, som du skal stå støtt og trygt på i alle slags brytningar.

Evangeliet gjer difor også at vi har ein plass i den større samanhengen. I Romarbrevet finn vi også det fantastiske biletet av kyrkja som ein kropp, med ulike lemmer, som alle har sin funksjon og oppgåve – nettopp fordi dei høyrer sammen. Det skal du som biskop minne alle medarbeidarar og medtenarar på. Vi er alle avhengige av kvarandre. Det gjeld også biskopar.

Men det er eitt anna uttrykk Paulus brukar for å seie kva det vil seie for biskopen «å fremme og bevare enheten i Guds kirke», som eg vil særleg halde fram for deg i dag. Når Paulus på slutten av brevet skal oppsummere sine svar på kvifor og korleis dei skal vise at dei høyrer sammen, skriv han i kapittel 15:

Ta imot kvarandre, slik Kristus tok i mot dykk, til Guds ære. (Rom 15,7)

Ta imot kvarandre. Det handlar om opne blikk og opne armar, og vi kunne seie: opne haldningar. Ikkje opne for alt mulig, men nettopp opne for andre – for kvarandre.

Og det er heller ikkje kva som helst av opne haldningar det er tale om, men det er «slik Kristus tok i mot dykk». Det er Kristus som gjer *at* vi er eitt. Og det er Kristus som viser *korleis* det kan henge saman: Å vere eitt og å vere open kan vere to sider av same sak.

Det er ikkje alltid vi tenkjer slik. Det er lett å tenkje at å ta vare på enheten er meir å seie «nei» enn å seie «ja». Men slik er ikkje kyrkjas enhet. Å seie «ja» til Gud inneber også at vi også kan seie «ja» til kvarandre.

Dei som Paulus skriv til, hadde nok ikkje møtt Jesus i eigen person. Men dei hadde møtt invitasjonen til *dåp* i Jesu namn. Kyrkjas enhet

handlar om at vi står sammen om det som gjer oss til kyrkje, det som er formidla til oss gjennom dåpen: Slik Kristus tok i mot oss.

Men då heiter det altså, etter å ha diskutert spenningane mellom dei og alt som knyter dei saman i trua og i organiseringa av kyrkja: De skal ta i mot kvarandre, som dei *menneske* de er, som dei Gud har skapt dykk, som menneske som alle treng Guds nåde.

Å bli tatt imot av Kristus er inkluderande. Men det er også engasjerande og utfordrande for oss: Difor skal de også ta imot kvarandre. Kyrkja er open fordi Kristi famn er open.

Då kjem vi til kjernen i oppdraget med enhet. Det er ikkje at alle skal bli like, tenkje likt eller endå til oppføre seg heilt likt. Men det handlar om å følgje Kristi eksempel sammen. I praksis. I tru, håp og kjærleik. Som fellesskap, kollegaer, som medtenarar for evangeliet.

Du går inn i ei rekkje av biskopar i Hamar som har vist kva dette kan innebere. Stundom har det vore nødvendig å vise at enheten best kjem til uttrykk i at ein biskop går føre og tar nye steg for å vise at vi tar imot kvarandre. Vi høyrer sammen i tenesta også *fordi* vi er forskjellige. Men biskopen skal også seie «nei» når det er noko som skygger for nettopp evangeliet, som tar respekt og verdighet frå andre menneske, eller som stengjer vegen til Kristi opne famn.

Dermed ser vi også at kyrkjas enhet ikkje er til berre for kyrkja sjølv. Det er ikkje noko ein skal verne ved å isolere seg eller vere ekskluderande. Tvert imot. I kyrkjas enhet ligg det ei forplikting til å vere eit teikn på det fellesskap og den enhet Gud har skapt alle menneske til å leve i. Det er det motsette av Kain-historien som skal forteljast og visast på nytt igjen og igjen. Vi er vår bror og søsters vaktar. Fordi vi er kalt til å ta imot kvarandre.

Difor er det også eit endå større perspektiv på meininga med kirkens enhet som trengjer seg på: Vi er eitt med alt Gud har skapt. Menneska er ikkje åleine på jorda. Vi er faktisk heilt avhengige av

samspelet og samlivet med alt som er her. I vår tid ser vi at det kan gå heilt galt dersom vi gløymer det.

I den sterke altartavla her i Hamar har også eit dyr, hesten, fått ein plass. Han står saman med Hans Nilsen Hauge, som viste at mangfald og endring kan vere heilt nødvendig for å fremme den enhet som er gitt oss i Kristus.

I dag er du som blir tatt imot.